

Tiltaksstrategiar for Tilskot til tiltak i beiteområde – Austevoll 2020-2023



Viser til §1 Forskrift. Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Forvaltninga av tilskotsordninga vart overført frå Fylkesmannen til kommunane 1.januar 2020. Kommunane skal fastsette lokale retningslinjer innafor ramma av forskrift og gjeldane rundskriv. Retningslinjene skal prioritere type tiltak utifrå kva som er formålstenleg for å fremme utmarksbeiting i Austevoll. Tiltaksstrategiane er utarbeida av landbrukskontoret i dialog med landbruksorganisasjonane i Austevoll og Fylkesmannen i Vestland.

Fylkesmannen fordeler årleg midlar til kommunane. Kommunane prioriterer søknader og innvilgar tilskot etter lokale retningslinjer, aktuell forskrift og rundskriv. Prioriteringane vert vurdert i samanheng med Regionalt miljøtilskot (RMP) og Særskilde miljøtilskot i jordbruket (SMIL)

Informasjon om ordninga og søknadsfrist vert utlyst på kommunens heimeside i god tid før søknadsfrist. Søknader som kjem inn etter søknadsfrist kan handsamast «løpande» så lenge det er disponible tilskot og tiltaket er innafor intensjonen med tilskotsordninga.

Planperiode

Tiltaksstrategien gjeld frå dei er vedteke politisk i Austevoll kommune i 2020 til 31.12.2023.



Særtrekk og utfordringar i Austevoll

Austevoll er ein øykommune. Utmarksbeitane er knytt til lyngbeite og skog. Høgaste punkt er Loddo på 243 moh. Mellom dei største øyane i kommunen er det bru, mens bebudde veglause øyer har ekspressbåt med jamleg anløp. Det er og fleire beiteøyer. Kystlynghei er utvalt naturtype og i Austevoll er fleire lokaliteter registrert i Naturbasen. Jordbruket i Austevoll er kjenneteikna ved utegangerdrift med tyngde i «gamal norsk sau av norrøn rase», og kalla «Austevollsau». Fleire stader vert lyngbeite skjøtta med heilårsbeiting og jamleg sviing, men det er og mykje gamal lyng i attgroing. I tillegg til mindre sviing i lynghei, er mellom anna sitkagran, ein stor utfordring for det tradisjonelt opne kystlandskapet med utmarksbeiter. Det er og ei utfordring med beiting, der det er bygd hus i utmark. Det er og ei utfordring at dei fleste hovudvegane går gjennom utmarksbeiter. Austevoll sitt særegne kulturlandskap med lyngheier er utsett, og kan gå tapt utan rett bruk og ivaretaking.



Overordna planar og målformuleringer

- «**Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområder**» ligg til grunn. Den er fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2013 med heimel i jordlova av 12. mai 1995, §§3 og 18.
- Gjeldane **kommuneplan for Austevoll**
- **Naturmangfaldlova** (Lov 2009-06-19-100) er ein naturleg del av all forvaltning og eit viktig verktøy i vurdering av løyving og vilkår ved løyving.
- **Handlingsplan for landbruket i Vestland 2020**

Tematiske prioriteringar

Tema er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. Mellom dei prioriterte tema vert gjennomføringsevne og effekt av tiltaket vurdert.

Faste og mobile investeringstiltak:

- Elektronisk gjerde
- Sperregjerder
- Sanke- og skilleanlegg
- Elektronisk overvåkingsutstyr
- Ferister

Planleggings- og tilretteleggings prosjekter:

- Utarbeiding av beitebruksplaner for utmarksbeite
- Prosjektrettet arbeid for stimulering til økt beitebruk og rasjonell utnytting av beitene

Geografiske prioriteringar av ordningar/tiltak

- Utmarksbeiter som grenser til Fylkesvegane i Austevoll
- Utmarksbeite som grenser mot byggefelt
- Kystlynghei registrert i Naturbasen

Planlagd aktivitet for auka satsing/-søknadsmengd

- Aktivisere beitelag
- Informasjon ut til brukarar og innbyggjarar

Rettleiande satsar

Rettleiande satsar frå Fylkesmannen Vestland vert nytta ved tildeling av tilskot.

Forventa trong for tilskot til investeringar i beiteområde for Austevoll kr 50 000,- pr år.



Alle foto: Aase Rygg Nøttveit